



STRAND KOMMUNE

Til:

Aksel Mossefinn Gjerde Heggheimsvegen 180 4121 TAU
Katrine Langeland
Leif Petter Sigmundstad
Marianne Livastøl
Merete Heng
Reidun Anette Vasstveit
Trine Sørskår
Trond Hjorteland
Øyvind Mikal Ur Sørskårvegen 271 4121 TAU

Dykkar ref.: Vår ref.: JournalpostID: Arkivkode: Dato:
23/627-1 / OANANN 23/9492 22.03.2023

Referat fra møte i samarbeidsutvalet - 06.03.2023 - Nordre Strand oppvekssenter

Tid: Tysdag 21. mars, kl. 20.00-21.00

Stad: NSO, personalrom

Til stades: Leif Petter Sigmundstad (FAU skule), Øyvind Mikal Ur (FAU bhg.), Aksel Mossefinn Gjerde (elevråd), Marianne Livastøl (tilsette bhg.), Trine Ø. Sørskår (styrar bhg.), Reidun Vasstveit (lærer), Katrine Langeland (andre tilsette, skule), Merete Heng (politisk repr.), Anna Maria Oanes (verksemdsleiar)

Forfall:

- Godkjenning av innkalling og referat frå førre møte**
Godkjent med merknad om at både referat og innkalling blei sendt ut for seint. Dette pga. utfordringar for rektor med utsendingar frå kommunen sitt saksbehandlingssystem. Er i orden no.
- Informasjon frå:**
Barnehagen
Eikehaugen er ferdig med det ordinære opptaket, og har gitt tilbod om plass til 10 born. Per dags dato har vi born på venteliste. Det er satt av 2 millionar frå kommunen til oppgradering av personal-garderobane. Dette arbeidet er ikkje starta opp. Vidare har vi fått ein nyttilsett i 80 % stilling. Personalet på Eikehaugen er stabilt, sjukefråværet lågt, og økonomien sunn.
Barnehagen inviterer til påskefrukost for føresette, born og tilsette på skulen neste veke.

Skule/SFO
Har begynt å planlegge neste skuleår, men personalkabalen er ikkje heilt klar. Dette grunna noko usikkerheit angående kor mange tilsette som søker seg ned i stilling. Skulen har per dags dato 73 elevar. Neste år blir vi etter planen 70.

Postadr. : Postboks 115, 4126 JØRPELAND	Tlf. sentralbord:	51742800	Telefaks:
Besøksadr.: Fiskåvegen 987, 4121 Tau	Tlf. direkte:		E-post:

Skulen jobbar aktivt med kommunen sine satsingar på språk og inkludering, og skal mellom anna ha leseveker i veke 16 og 17. Vi planlegg og å styrke samarbeidet med barnehagen. Spesielt angående lesing og språk.

Utleige av skulen etter kommunen sitt nye Book-up-system har skapt litt forvirring her, og mellom anna var skulen lånt ut for overnatting førre helg. Utan at rektor var informert. Skulen er positive til utleige og utlån av skulen. Både til lag og organisasjonar, men også til innbyggjarane i Nordre Strand, og til NSO sine tilsette. For å få til dette må kommunikasjonen vere klar, og rutinane tydelege.

Skulen samarbeider med Ungt entreprenørskap. Dei kjem denne veka med eit undervisningsopplegg for elevane på mellomtrinnet. Vi har og hatt elevar frå Strand vgs. Som «lærarar for ein dag».

Elnett skal skifte ut strømkablar, så frå veke 13 og litt utover skal det gravast i skulegarden.

SFO i Strand skal spare pengar, men her på NSO har vi ikkje mykje å spare. Vi har allereie samarbeid med barnehagen om morgonar og i feriar. SFO jobbar etter ny rammeplan, og jobbar med å rigge ein verkstad/ mekkeplass.

Elevråd

Møte fredag 17. mars. Evaluerte karneval, og elevane meldte spesielt tilbake at det var kjekt «å sjå dei andre», og «gjere noko saman». Mobilbruk var ein diskusjon på elevrådet. Skulen er ein mobilfri sone, men nokon har løyve grunna buss/ to heimar osv. Rektor har foreslått eit låsbart mobilskap for dei som har løyve, men saka er ikkje landa. Drøftinga om kor /korleis denne saka skal løysast på ein klok måte tas vidare.

FAU

Meldar om høgt engasjement og positive føresette. FAU har drøfta brevet frå elevrådet angående leksefri skule, og kan melde at FAU er delt i kva dei meiner om lekser. Saka angående handtering av mobilar etter løyve, tar dei vidare med resten av dei føresette, slik at alle snakkar med- og tek ansvar for sitt og sine.

Politisk representant

Ingenting å melde. Merka seg saka angående krøll med utleige.

3. **Elevundersøkinga**

rektor presenterte hovedfunn frå Nordre Strand. Skulen jobbar vidare med dette. Saka blei tatt til orientering.

4. **Planleggingsdagar barnehage**

Vi vil gjerne ha ein felles planleggingsdag for heile NSO, men datoane er ikkje heilt klare ennå. Saka blir utsett.

5. **Matpengar SFO**

Rektor foreslår at matpengane blir auka frå 100 til 300 kroner per mnd. Pga. at saklista blei sendt ut såpass seint frå rektor, har ikkje FAU hatt anledning til å høyre sine om dette. Saka blir utsett.

6. **Eventuelt**

Ingen saker

Neste møte: Tysdag 2. mai, kl. 19.00-20.00 på personalrommet/ NSO

Med helsing

Anna Maria Tau Strand Oanes
verksemdsleiar/rektor
Nordre Strand oppvekstsenter

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev ikkje signatur.